



## Reguleringsplan for E134 Vågsli – Seljestad.

### Parsell Røldalstunnelen – Seljestad

---

Reguleringsføresegner datert 19.06.2019  
Detaljregulering jf. plan og bygningslova (pbl) § 12-7

PlanID: 12282016004

#### 1. Siktemålet med planen

---

Reguleringsplanen er ein av i alt fire reguleringsplanar som skal legge til rette for bygging av ny E134 på strekninga Vågsli – Seljestad. Hovudsiktemålet er å leggje til rette for utbygging av ny stamveg over høgfjellet med høgare vegstandard og betre vinterregularitet. Reguleringsplanen skal sikre naudsynt areal til gjennomføring av utbygginga. Det inneber at det også vert regulert sideareal for anleggsgjennomføring og område for handtering av overskotsmassar frå nye tunnelar på strekninga.

Utfyllande opplysningar går fram av planomtalen datert 20.05.2019.

#### 2. Felles føresegner for heile planområdet

---

##### 2.1 Terrenghandsaming

Alle terrenginngrep skal skje på ein mest mogleg skånsam måte i høve til omgevnadene. Eksisterande vegetasjon skal takast vare på så langt råd er. Dette gjeld spesielt randsonevegetasjon langs tilgrensande verna vassdrag. Vegskjeringar, grøfter og fyllingar, samt areal mellom kjøreveg og gang- og sykkelveg skal plantast til eller handsamast på annan tiltalende måte. Det øvste jordlaget på 30 cm som vert teke bort i linja, skal handterast for seg. Jorda skal nyttast på flater som skal revegeterast og plantast til innfor veganlegget. Terrenghandsaming skal gjerast ferdig samtidig med resten av anlegget. O- teikningar datert 20.05.2019 er rettleiande for arbeidet.

##### 2.2 Automatisk freda kulturminne

Dersom det vert oppdaga funn, gjenstandar eller konstruksjonar i samband med gravearbeid skal arbeidet stansast omgåande og kulturstyresmaktene underrettast jf. lov om Kulturminner § 8.2. ledd. Før iverksetting av terrenginngrep og anleggsarbeid skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna med ID 105983, 107364, 107365, 107366, 107367, 107383, 107386, 107465, 174318, 174360, 107363, 242780, 242781, 242850, 243011 og 174325 som er merka av som område for føresegn #2, #3 (osv. inkludert føresegnsområde for vegfar) i plankartet.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske utgravinga kan fastsettast.

### 2.3 Byggjegranser langs offentlig veg

For offentlig veg gjeld veglova sine føresegner om byggjegranser mot veg, med unntak av der byggjegrænse er gitt i reguleringsplan som framleis skal gjelde, jf. pkt. 3.1.

Der reguleringsplan som framleis skal gjelde ikkje viser byggjegrænse, er byggjegrænse mot offentlig veg lik plangrensa.

### 2.4 Krav om byggjeplan

Før utbygging av veganlegget kan starte opp skal det liggje føre byggjeplanar jf. Statens vegvesen sine handbøker.

### 2.5 Plan for ytre miljø

Plan for ytre miljø skal liggje føre saman med byggjeplanane for veganlegget. Tiltakshavar skal sørge for at tiltak som er skildra i plan for ytre miljø (YM-plan) vert innarbeidd i kontrakt med entreprenør for utbygginga, og at YM-planen vert oppdatert ved behov. YM-plan skal godkjennast av Statens vegvesen før anleggsstart.

### 2.6 Rigg og marksikringsplan

Tiltakshavar skal sørge for at det ligg føre ein rigg- og marksikringsplan som gjev føringar for gjennomføring av anleggsarbeidet. Rigg og marksikringsplan skal godkjennast av Statens vegvesen før anleggsstart. Rigg- og marksikringsplanen skal bl.a. gje føringar for følgjande tilhøve:

- Inngrepsgrenser rundt kulturminne, område og ferdselsårer for friluftsliv, og mot Opo-vassdraget
- Massehandtering, inkludert handtering og lagring av jordmassar som skal nyttast til revegetering i anlegget.
- Tiltak for å minimere risiko for spreiding av framande artar.
- Inngrepsgrensa for anleggsarbeidet skal fastsettast i rigg- og marksikringsplanen og merkast fysisk med alpingjerde i anleggsfasen.

### 2.7 Støy

Miljøverndepartementet sin gjeldande versjon av retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging T-1442 på gjennomføringstidspunktet skal leggst til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen. Plassering av vollar går fram av plankart. Eksisterande busetnad med støykjenslevar bruksføremål som har fasadenivå over dei tilrådde grenseverdiane i T-1442 som fylgje av planen må vurderast vidare for lokale støytiltak i byggeplanfase. Ei utgreiing av lokale støytiltak vil fokusere på innandørs støynivå i opphalds- og soverom, samt støynivå på ein allereie opparbeida hovudtepplass. For innandørs støynivå er ambisjonsnivået klasse C i gjeldande versjon av NS 8175 ved byggets oppføring. I tilfelle der det vert uforholdsmessig kostbart å tilfredsstille klasse C, og tiltakets kostnadar ikkje står i samanheng med oppnådd støydempande effekt, kan lydklasse D vurderast.

Ein oversikt over eigedomar som må vurderast vidare for lokale støytiltak går fram av utarbeida støyrapport til reguleringsplanen, utgåve 3 datert 20.05.2019, med vedlegg.

Retningslinjene i T-1442-for avgrensing av støy frå bygg- og anleggsverksemd skal leggst til grunn for anleggsfasen.

## 2.8 Vern mot forureining

Forureina vatn frå tunnelar, massedeponi eller frå veganlegget elles skal ikkje sleppast ut i verna vassdrag Opo. Byggjeplan og YM-plan skal sikre ei heilskapleg handtering av overvatn både i anleggsfasen og i driftsfasen. Notat «Reinsing av tunellvatn og deponi», datert 22.09.2017, er rettleiande for arbeidet. Eventuelle forureina massar som ikkje vert handtert innafor anlegget skal leverast til godkjent deponi.

## 2.9 Eksisterande VA-anlegg, energibrønner, drenering

Vassforsyningsanlegg, avløpsanlegg, energibrønner og landbruksdrenering som kan verte råka av tiltaket skal kartleggast før anleggsstart. Anlegg som må erstattast, skal vere etablert før gamle vert fjerna, og det skal sikrast midlertidig vassforsyning i anleggsfasen.

## 2.10 Rammeplan for overvatn og VA-anlegg

Godkjent rammeplan for overvatn, og for eksisterande og nye offentlege VA-leidningar, skal liggje føre saman med byggeplanane for veganlegget.

## 2.11 Inngrep i eksisterande høgspenninglinje

Behov for varig og/eller midlertidig omlegging av høgspenningsanlegg skal kartleggast i samband med utarbeiding av byggjeplan. Eventuelle planar for omlegging skal utarbeidast i samarbeid med linjeeigar.

# 3. Føresegner for arealformål

---

## 3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

### 3.1.1 Fellesføresegner for bygningar og anlegg

Områda kan nyttast til midlertidig bygg og anlegg jf. pkt.5.1 og skal tilbakeførast ved anleggs slutt.

### 3.1.2 Bustader, B

For område B1 og B2 gjeld føresegner i reguleringsplan med planID 1984003, Seljestadgardane.

### 3.1.3 Fritidsbusetnad, BFR

For område avsett til fritidsbusetnad gjeld føresegner i reguleringsplan med planID 2011003, reguleringsendring for Torekoven.

### 3.1.4 Forretningar, BF

- a. For område BF1 gjeld føresegner i reguleringsplan med planID 1975004, Løyningkrysset.
- b. For område BF2 gjeld føresegner i reguleringsplan med planID 2011003, reguleringsendring for Torekoven.

### 3.1.5 Hotell / overnatting, BH

- a. For område BH1 gjeld føresegner i reguleringsplan med planID 1975003, Seljestad.
- b. For område BH2 gjeld føresegner i reguleringsplan med planID 1984003, Seljestad.

### 3.1.6 Bustad / forretning, BKB

For område regulert til bustad / forretning gjeld føresegner i reguleringsplan med planID 1975003, Seljestad.

### 3.1.7 Bygningar og anlegg, BA

For område BA1 og BA2 gjeld føresegner i reguleringsplan med planID 1975004, Løyningkrysset.

## 3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

### 3.2.1 Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- a. Anlegga skal utførast som vist i planteikning og i tekniske teikningar datert 20.05.2019. Mindre avvik mellom underformål kan tillatast innanfor arealformålet.

- b. Innanfor arealformålet kan det etablerast konstruksjonar og nødvendige tekniske anlegg og installasjonar, etter gjeldande tekniske krav. Alle anlegg skal ferdigstillast samtidig med E134.
- c. Plassering av avkøyrslar vist med pil på plankartet er rettleiande, men talet på avkøyrslar og kva veg eigedomane skal ha avkøyrslar frå er bindande. Avkøyrslar skal oppfylle krav til sikt og andre krav til utforming gitt av vegstyresmakt.

### 3.2.2 Veg, SV

- a. Formålet omfattar areal regulert til offentleg, privat eller felles veg og avkøyrslar i vertikalnivå 2, på bakken og vertikalnivå 3, i bru.
- b. o\_SV08 og o\_SV17 skal nyttast som haldeplass for buss.
- c. f\_SV13 skal nyttast som felles veg til gnr. 31, bnr. 1, 90, 91, 92 og 107.
- d. SV15 skal nyttast som privat veg til gnr. 31, bnr. 210.
- e. f\_SV18 er felles for fritidsbustader innanfor planområdet for planID 2011003, reguleringsendring for Torekoven, og skal nyttast som tilkomst til felles parkering f\_SPP6.

### 3.2.3 Køyreveg, SKV

- a. o\_SKV1, o\_SKV2 og o\_SKV3 omfattar areal regulert for E134 i vertikalnivå 1, tunnel, vertikalnivå 2, på bakken, og vertikalnivå 3, i bru.
- b. O\_SKV4, o\_SKV5 og o\_SKV6 skal kunne nyttast som anleggsveg for massetransport i anleggsperioden.
- c. For o\_SKV7, o\_SKV8 og o\_SKV9 gjeld føresegner i reguleringsplan med planID 1975004, Løyningskrysset, etter ferdigstilling av veganlegget.

### 3.2.4 Fortau, SF

Fortau skal opparbeidast som vist på planen og ferdigstillast samtidig med veganlegget. Der plankartet viser pil for avkøyrslar over fortau, skal fortau opparbeidast med seinka fortauskant.

### 3.2.5 Gang- og sykkelveg, SGS

- a. Gang- og sykkelveggar skal opparbeidast som vist på planen og ferdigstillast samtidig med veganlegget.
- b. I o\_SGS1 og o\_SGS2 er køyring med trakkemaskin og etablering skiløype tillate.
- c. I o\_SGS4 er køyring til eigedomane tillate.

### 3.2.6 Annan veggrunn – tekniske anlegg, SVT

- a. Formålet omfattar veggrunn som er nødvendig for å ivareta tekniske anlegg og installasjonar og tilkomst til desse i vertikal nivå 1 og vertikalnivå 2. Innanfor formålet kan det etablerast nødvendige murar, skjeringar, fyllingar, grøfter, stabiliserande tiltak og andre tekniske installasjonar, inkludert teknisk bygg for veg og tunnel.
- b. Områda skal opparbeidast på ein estetisk god måte. Formgjeving og handsaming av terreng skal så langt som mogleg utførast som vist i O-teikningar datert og i samsvar med rigg- og marksikringsplan, jf. fellesføresegner pkt. 2.4-2.6.

### 3.2.7 Annan veggrunn – grøntareal, SVG

- a. Formålet omfattar veggrunn som skal etablerast som grøntareal, og inkluderer omfylling av tunnelportal på Seljestad og etablering av støyvollar jf. pkt. 5.4.
- b. Områda skal opparbeidast på ein estetisk god måte. Bevaring av eksisterande vegetasjon, formgjeving, handsaming av sideterreng og revegetering skal så langt som mogleg utførast som vist i O-teikningar datert og i samsvar med rigg- og marksikringsplan, jf. fellesføresegner pkt. 2.4-2.6.

### 3.2.8 Parkering, SPP

- a. O\_SPP1 og o\_SPP2 skal nyttast til offentlig utfartsparkering for friluftsliv.
- b. I tilknytning til parkeringsplassane o\_SPP1 og o\_SPP2 skal det settast av areal og opparbeidast informasjonsområde om dei automatisk freda kulturminna i området.
- c. O\_SPP3 skal nyttast til offentlig utfartsparkering for friluftsliv. I området kan det tillatast permanent lagring og transport av overskotsmassar frå E134 parsell Røldalstunnelen – Seljestad. Det kan maksimalt tillatast varig deponering av inntil 10 000 m<sup>3</sup> massar. Varig deponerte massar skal sikrast mot skadeleg avrenning av forureina vatn til Opo. Notat «Reinsing av tunellvatn og deponi», datert 22.09.2017, er rettleiande for arbeidet. I anleggsperioden kan området nyttast til mellomlagring av massar som skal tilbake til veganlegget eller til anna deponi eller føremål, og til mellomlagring av vegetasjonsdekke/toppdekke som skal brukast i revegetering av sideareal i veganlegget.
- d. f\_SPP4 er felles parkeringsplass for hytteeigarar. For området gjeld føresegner i reguleringsplan med planID 2011003, reguleringsendring for Torekoven etter ferdigstilling av veganlegget.
- e. SPP5 er privat parkeringsplass for gnr. 31, bnr. 46 og erstattar opparbeida plass for tinglyste parkeringsplassar som vert fjerna av ny veg. Området kan nyttast til rigg- og anleggsområde i anleggsperioden. Parkeringsplassen skal opparbeidast og ferdigstillast jf. pkt. 5.1.
- f. f\_SPP6 er felles parkering for fritidsbustader innanfor planområdet for planID 2011003, reguleringsendring for Torekoven.

### 3.2.9 Kombinerte formål, SKF

I o\_SKF1 kan det settast opp leskur for busshaldeplass. I o\_SKF2 skal det setjast opp venterom med toalett i samarbeid med Skyss og HFK.

## 3.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

### 3.3.1 Fellesføresegner for grønstruktur, GF

Område merka GF er regulert til friområde og skal vere allment tilgjengeleg for friluftsliv.

## 3.4 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

### 3.4.1 Fellesføresegner for landbruks-, natur- og friluftsområde og reindriftsområde (felt L, LF, LSB, LN, LAA)

- a. I område for landbruks- natur- og friluftsføremål skal føresegner i kommuneplanens arealdel gjelde der ikkje anna er gitt i detaljerte føresegner.
- b. Område som vert nytta til midlertidig anlegg- og riggområde jf. pkt. 5.1 skal tilbakeførast ved anleggslytt.

### 3.4.2 Naturvern, LN

For område regulert til naturvern gjeld føresegner i planID 2003001, Øvre Seljestad felt A, B, C og J, bevaringsområde naturvernområde.

### 3.4.3 Friluftformål, LF

For område LF3 til LF10 gjeld føresegner for friluftsområde i reguleringsplan med planID 2011003, reguleringsendring for Torekoven.

### 3.4.4 Massedeponi - Kombinert formål LNFR og bygg og anlegg, LAA

- a. I området kan det tillatast permanent lagring og transport av overskotsmassar frå E134 parsell Røldalstunnelen – Seljestad. Regulering som deponiområde vert oppheva når veganlegget er ferdig, og seinast eitt år etter at E134 Røldalstunnelen – Seljestad er opna for trafikk. Formålet kan fjernast frå plankartet administrativt etter at anleggsperioden er over.

- b. Det kan maksimalt tillatast varig deponering av inntil 420 000 m<sup>3</sup> massar.
- c. Vurdering av stabilitet og oppfylling skal skje i samråd med geoteknisk sakkyndig.
- d. Deponiet skal sikrast mot skadeleg avrenning av forureina vatn til Opo. Notat «Reinsing av tunellvatn og deponi», datert 22.09.2017, er rettleiande for arbeidet.
- e. Når deponering av massar er avslutta, skal avkøyrsløse frå offentleg veg samt alle anleggs- og transportveggar innanfor føremålet fjernast.
- f. Deponiområdet skal tilbakeførast til utmarksterrang og revegeterast med stadeigen vegetasjon. Ved utlegging av nytt vegetasjonsdekke skal stadeigne massar nyttast. Deponi (Steinmassar) skal forkilast før utlegging av nytt vegetasjonsdekke. Landskapsplan / O-teikning O307 datert 20.05.2019 er rettleiande for avslutting av deponiet.
- g. Følgjande midlertidig bruk er tillate innafør området:
  - Midlertidig deponering av vegetasjonsdekke/toppdekke som skal brukast i revegetering av området
  - Mellomlagring av massar som skal tilbake til veganlegget eller til anna deponi eller føremål.
  - Framføring av transportveggar
  - Etablering av anleggsrigg er berre lov innafør område avsett til midlertidig rigg og anleggsområde jf. pkt. 5.1.

### 3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

#### 3.5.1 Fellesføresegner for bruk og vern av sjø og vassdrag, VN

Områda er omfatta av verneplan for Opo og skal sikrast mot skadeleg avrenning av forureina vatn til vassdraget. Det er ikkje tillate med inngrep i vasstreng og elvekant.

## 4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

---

### 4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

#### 4.1.1 Frisiktsone, H140

I frisiktsoner skal det vere fri sikt i ei høgde 0,5 m over tilstøytande vegars plan, jf. veglova.

#### 4.1.2 Sikringssone tunnel, H190\_1 og H190\_3

Innafor sikringssona kan det ikkje setjast i verk tiltak som kan skade tunnelen eller tunnelinnreiinga (til dømes sprenging eller boring i grunnen) utan særleg løyve frå Statens vegvesen. Tiltak er berre tillate dersom det kan dokumenterast at tiltaket ikkje får uheldige konsekvensar for tunnelane innanfor regulert sikringssone på og under terreng.

#### 4.1.3 Sikringssone brufundament, H190\_2

Innafor sikringssona er det ikkje lov med gravearbeid, masseflytting eller andre tiltak i grunnen. Det gjeld også tiltak som ikkje er søknadspliktige etter plan- og bygningslova.

#### 4.1.4 Flaumfare, H320

I område der det er utarbeida flaumsonekart skal rapporten Flomsonekartlegging - E134 Haukelifjell. Liamyrane - Seljestad datert 30.04.2019 samt gjeldande NVE-rettleiarar for tiltak mot flaum leggast til grunn for planlegging og handsaming av tiltak.

#### 4.1.5 Faresone høgspant, H370 – eksisterande høgspantlinje

I området kan det ikkje førast opp bygningar. Tiltak innanfor formålet skal godkjennast av linjeeigar. Eventuelle behov for omlegging av høgspenningsanlegg må handterast i samband med byggeplan.

## 4.2 Bandlagde område (§ 11-8 d)

### 4.2.1 Bandlagt etter Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energiloven) H740 – eksisterande høgspentlinje sentralnett

I området kan det ikkje førast opp bygningar. Tiltak innanfor formålet skal godkjennast av linjeeigar. Eventuelle behov for omlegging av høgspenningsanlegg må handterast i samband med byggjeplan.

## 5. Føresegner til føresegnsområde (§ 12-7 nr. 1-14)

---

### 5.1 Midlertidig rigg og anleggsområde (område #)

- a. I samband med opparbeiding av ny veg med tilhøyrande tilkomstveggar og sideanlegg, kan områda nyttast som anleggsområde så lenge anleggsarbeida er i gang.
- b. I anleggsperioden skal områda til ei kvar tid vere forsvarleg sikra, og ikkje føre til fare for fastbuande, friluftsbukarar og dyr som ferdast i nærområda.
- c. Etter avslutta anleggsperiode, og seinast eit år etter at vegen er opna, skal områda gis arealbruk i samsvar med arealføremål som angitt i plankartet og føresegner. Områda skal settast i stand i samsvar med arealføremålet, eventuelt tilbakeførast til slik dei var før inngrepet eller i samsvar med avtale med grunneigar, avhengig av kva funksjon areala skal ha.

### 5.2 Reinsesystem for tunnelvaskevatt (#1)

Innanfor området merka # 1 kan det opparbeidast lukka reinsesystem for tunnelvaskevatt med tilhøyrande tekniske anlegg. Storleiken på reinsesystemet skal vurderast nærmare i byggeplanfasen.

Innanfor same område kan det også etablerast naudsynte teknisk anlegg for slukking av brann i tunnel.

### 5.3 Automatisk freda kulturminne (#2, 3, 4, 5, 9, 10, 11,12,13, 15)

Før iverksetting av terrenginngrep og anleggsarbeid skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna med ID 105983, 107364, 107365, 107366, 107367, 107383, 107386, 107465, 174318, 174360, 107363, 242780, 242781, 242850, 243011 og 174325 som er merka av som område for føresegn #2, #3 (osv. inkludert føresegnsområde for vegfar) i plankartet.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske utgravinga kan fastsettast.

### 5.4 Støyvoll (område #6 og #7)

Innanfor område merka # 6 og # 7 skal det opparbeidast støyvoll med relativ høgde på 2,8 - 3m over riksveg. Støyrapport til reguleringsplanen, utgåve 3 datert 20.05.2019, med vedlegg og landskapsplan datert 20.05.2019 er rettleiande for utforminga.

### 5.5 Andre vilkår for bruk av areal (#8, #14)

- a. Innafor område merka #8 kan det tillatast bygg for bruk knytt til friluftsliv og utfartsparkering.
- b. Innafor område merka #14 kan det etablerast tilkomstveg med 2 meter breidde til Underbrekka, gnr. 31, bnr. 5.

## 6. Rekkefølgeføresegner (§ 12-7 nr. 10).

---

### 6.1 Informasjonsområde for fornminne på Hesjabakk

Det skal opparbeidast informasjonsområde for kulturminne i tilknytning til offentlig utfartsparkering på Hesjabakk jf. pkt. 3.2.8 b). Informasjonsområdet skal planleggast samtidig med resten av veganlegget, og ferdigstillast seinast eitt år etter at vegen er opna.

### 6.2 Parkering

Før eksisterande parkeringsplassar på gnr. 31, bnr. 316 og 253 kan fjernast, skal felles parkeringsplass på gnr. 34 bnr. 18 vere ferdig etablert i samsvar med planID 2011003 Reguleringsendring Løyning – Torekoven.

## 7. 0 Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene

---

### 7.1 Bindande

Flomsonekartlegging - E134 Haukelifjell. Liamyrane – Seljestad, datert 30.04.2019

### 7.2 Rettleiande

- a. Støyrapport til reguleringsplanen, datert 20.05.2019
- b. «Reinsing av tunellvatn og deponi», datert 22.09.2017
- c. Tekniske planar, datert 20.05.2019
- d. Landskapsplanar, teikning nr. O304 – O305, datert 20.05.2019